# To veker som forskarspire i London

Etter å ha vunne fyrstepris i humanistisk klasse i unge forskarar i vår, drog eg til London på seinsumaren for å delta på London International Youth Science Forum. Forumet samlar nærare 250 ungdom frå heile verden i to veker for å verta inspirerte til å forska vidare. Sidan forumet fyrst og fremst dreidde seg om naturvitskapelege emne hjelpte det godt å ha fleire år med solid realfagsbakgrunn frå vidaregåande.

Sosiale samanhenger med folk som har tatt mange timar realfag har noko eige over seg. Standard opningsfrase i ei samtale dreidde seg stort sett om kvar ein var frå, kva me ville studera og kva me skulle bli ein dag. Det heile førte til at me alle enda opp med å relatera fag og land til andlete, heller enn namn. Og kanskje var det heilt greitt av somme vart heitande ”Miss Wales”, medan ein annan berre vart ”fyren frå ungarn”.

For ein fysikkinteressert ungdom var London himmelen. Her var det føredrag og utflukter kvar einaste dag. På National Physical Laboratory fekk me eit innblikk i metrologi. Det må ikkje forvekslast med nesten-namnebroren meteorologi, eller læra om vær og værforhold. For metrologi er læra om å måla ting. Tenk å arbeida dag ut og dag inn med å måla ting! Det var kanskje fjernt frå alt me kunne tenkt oss å driva med, men samstundes var det fascinerande å vitja rom heilt utan ljodressonans, og rom der røysta kunne hengja att i fleire minutt.

Ein annan minneverdig augeblink var laurdagsførelesningane. Ikkje berre av di det tydde at me måtte opp og gå på førelesning laurdag morgon. Mest av alt var det utruleg kjekt, for laurdagsførelesningane var som regel dei mest kreative av alle. Kven kunne trudd at det fanst so mykje fysikk i såpeboblar? Eg trur det fascinerte både meg og dei aller fleste andre som var tilstades.

Sjølv om me tidvis vart trøytte av å nytta ferien på førelesningar, var det likevel utruleg inspirerande å møta so mange ungdom som var opptekne av forsking. I Noreg veks dei ikkje akkurat på tre. Då var det stas å møta folk på min eigen alder som utvikla eige og forbetra teoriar for astrofysiske fenomen eller luftrensingsalgoritmer i Estland.

Litt irriterande var det no at me konsekvent måtte møta opp tri kvarter før alle punkt byrja, slik at me i alle fall kom på tida. Men greitt var det når eg hadde gløymt å sjekka tavla for avreisetidspunkt dagen før. Jamnt over følte me oss nok litt som ein gjeng ungar i småskulen på utflukt, der me gjekk rundt med fargekoordinerte namneband rundt halsen og vår eigen ”buddy” som me kunne ta kontakt med om me hadde problem.

Av andre minneverdige augeblinkar kan eg nemna ”Songs of home”, der alle som ville kunne framføra songar frå heimlandet. Kanskje var amerikanarane tøffare, der dei sto med kvite hanskar og ba om respekt for Michael Jackson, men eg trur framleis mange hugsar kråkevisa, eller songen om ”The Giant Crow”, som eg presenterte han som.

Likevel er det alle menneska som står igjen når eg hugsar London. Å ha opplevd to veker saman gjorde noko med oss. Kanskje er dei finaste augeblinka dei eg tilbrakte på graset i Hyde Park både tidleg og seint med gode vener. Vel og merke ofte medan me diskuterte forsking eller forskingsetikk. For ein skal vera litt nerd for å kosa seg på LIYSF.